



Norges
nasjonalparker

14/01/2025

Rapport

Årsrapport 2025

Nasjonalparkstyret for Reinheimen



Kolofon

Utførende institusjon

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Kontaktperson

Sekretariatet

Utgjevar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Forfattar(e)

Kristine Sørli og Mari Melbø Rødstøl

Tittel

Årsrapport 2025 Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Samandrag

Reinheimen nasjonalpark med landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen og Brettingsmoen naturreservat, vart oppretta i 2006. I 2020 fekk Nasjonalparkstyret overført forvaltningsmyndigheit for 4 ytterlegare naturreservat; Muldalslia, Slettsvaet, Vermedalen og Einstullie. Nasjonalparkstyret for perioden 2024-2027 er oppnemnd av miljødirektoratet i brev av 09.02.24. Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som utgjer sekretariatet for nasjonalparkstyret, og som står for den daglege drifta av verneområdet. Forvaltarane er tilsett av Statsforvaltaren i Innlandet, men er lokalisert på kvar sin side av verneområdet, med kontorplass på Norsk fjellsenter i Lom og på Norsk tindesenter i Åndalsnes. Årsmeldinga gir ei framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid i 2025, saksmengda, aktuelle tiltak og prosjekt, om bruken av områda, og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde.

Framsidefoto: *Utleddsbrua over Tora elv på Billingen, 13.10.25*

Innhold

1 Verneområda - status.....	4
2 Aktørar i verneområda	4
2.1 Nasjonalparkstyret.....	4
2.2 Nasjonalparkforvaltarar.....	5
2.3 Naturoppsynet	6
2.4 Andre sentrale myndigheiter.....	7
2.5 Bruken av verneområda	7
2.6 Sentrale dokument	9
3 Arbeid i nasjonalparkstyret	10
3.1 Møter og saker	10
3.2 Økonomi	13
3.3 Ulovlege tiltak, regelbrot	14
3.4 Andre utval	15
4 Informasjonsarbeid	16
5 Tiltak og prosjekt.....	17
5.1 Billingen	17
5.2 Trollveggen, Eiafossen	20
5.3 Kløvstien	23
5.4 Slettvikane	24
5.5 Finndalen – flaum- og erosjonssikringstiltak.....	25
5.6 Skjøtsel	27

1 Verneområda - status

Reinheimen nasjonalpark og landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen, og Brettingsmoen naturreservat vart oppretta i statsråd 24.11.2006.

Verneforskriftene set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen for Reinheimen vart godkjend i 2010, og utarbeidd i to fasar med brei prosess i alle dei 6 kommunane; Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Fjord (Norrdal før kommunesamanslåing med Stordal). Forvaltningsplan trekkjer opp retningslinene for forvaltning av verneområda, og presiserer og utdjupar verneforskriftene. Forvaltningsplan tek også omsyn til krav om likebehandling i saker av lik karakter. Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Miljødirektoratet har frå 01.03.2020 delegert forvaltningsmyndigheit til Nasjonalparkstyret for 4 naturreservat:

Forskrift 27. juni 2003 nr. 827 om vern av Muldalslia naturreservat i Fjord kommune

Forskrift 27. juni 2003 nr. 834 om vern av Slettsvaet naturreservat i Rauma kommune

Forskrift 17. desember 1999 nr. 1443 om vern av Vermedalen naturreservat i Rauma kommune

Forskrift 25. januar 2013 nr. 104 om vern av Einstullie naturreservat i Skjåk kommune

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

2 Aktørar i verneområda

2.1 Nasjonalparkstyret

Forvaltningsmyndigheita for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde vart overført frå kommunane; Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norrdal, til nasjonalparkstyret for Reinheimen, hausten 2012.

Nasjonalparkstyret vart oppretta i 2013, der Miljøverndepartementet oppnemnde representantar til nasjonalparkstyre. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda, og ein representant frå

Reinheimen- Breheimen Villreinutval. Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Miljødirektoratet oppnemnde representantar til nasjonalparkstyre for styreperioden 2024 - 2027 i brev 09.02.2024. Nasjonalparkstyret for Reinheimen konstituerte seg i styremøte 4.mars 2024.

Styret for perioden 2024-2027:

<i>Rolle</i>	<i>Ordinært medlem</i>	<i>Varamedlem</i>	<i>Representantar</i>
leiar	Terese Jemtegård Moen	Jens Einar Aklestad	<i>Fjord kommune</i>
nestleiar	Mariann Skotte	Audun Holsbrekken	<i>Lesja kommune</i>
styremedlem	Kristian Frisvold	Ragnhild Sjurgard	<i>Lom kommune</i>
styremedlem	Morten Kielland	Edel Kveen	<i>Skjåk kommune</i>
styremedlem	Åsta Røhr Kleiven (2024-2025) Kari Flækøy Skjåkødegård (2025-2027)	Harald Svee Bjørndalen	<i>Vågå kommune</i>
styremedlem	Jan Peter Valde	Yvonne Wold	<i>Rauma kommune</i>
styremedlem	Inger Line Flydal	Vidar Vange	<i>Reinheimen-Breheimen villreinutval</i>
styremedlem	Dordi Boksasp Lerum	Per Ivar Lied	<i>Fylkestinget i Møre og Romsdal</i>
styremedlem	Hans Kristian Enge	Bente Fossum	<i>Fylkestinget i Innlandet</i>

Arbeidsutvalet (AU-Reinheimen) er oppretta med følgjande medlemmar:

<i>Rolle</i>	<i>Ordinært medlem</i>
leiar	Terese Jemtegård Moen
nestleiar	Mariann Skotte
medlem	Morten Kielland
varamedlem	1. vara Jan Peter Valde 2. vara Åsta Røhr Kleiven / Kari Flækøy Skjåkødegård

Personalansvar for sekretariatet, arkiv- og økonomifunksjon til nasjonalparkstyret for Reinheimen ligg hos Statsforvalteren i Innlandet.

2.2 Nasjonalparkforvaltarar

To nasjonalparkforvaltarar utgjer sekretariatet til Nasjonalparkstyret for Reinheimen. *Kristine Sørli* har vore tilsett som nasjonalparkforvaltar sidan 2014, med kontor på Norsk fjellsenter i Lom. *Mari Melbø Rødstøl* vart tilsett våren 2020, og er lokalisert ved Norsk Tindesenter på Åndalsnes. Sjølv om nasjonalparkforvaltarane er tilsett administrativt hos Statsforvaltaren i Innlandet, er sekretariatet underlagt nasjonalparkstyret i forvaltninga av verneområda. Statsforvaltaren har det administrative ansvaret for nasjonalparkforvaltarane, men ingen instruksjonsrett når det gjeld sekretariatet sitt

Årsrapport 2025

arbeid for nasjonalparkstyret. I samråd med nasjonalparkstyret, kan statsforvalteren nytte nasjonalparkforvalteren til andre arbeidsoppgåver om behov.

Nasjonalparkforvaltarane skal gjennom si saksbehandling bidra til at styret forvaltar verneområda i samsvar med naturmangfaldlova og verneforskriftene, og følge forvaltningslova sine regler. Forvaltarane skal legge fram saker til behandling i styret, sørge for gjennomføring av skjøtsel- og informasjonsarbeid, halde kontakt med private og offentlege aktørar med interesser i verneområda, og følgje opp økonomiforvaltning knytt til driftsmidlar og tiltaksmidlar i Reinheimen.

I vedtektene til Nasjonalparkstyret, kap. 4., står det følgjande om Nasjonalparkstyret sitt sekretariat:

«Nasjonalpark/verneområdestyret skal ha et sekretariat som består av en eller flere nasjonalpark-/verneområdeforvaltere.

Nasjonalpark-/verneområdeforvalter(e) ansettes av Statsforvalteren.

Ansettelsen skjer etter egen instruks for ansettelse av nasjonalpark/verneområdeforvalter utarbeidet av Klima- og miljødepartementet, og i dialog med styret.

Nasjonalpark-/verneområdeforvalteren er underlagt styret i forvaltningen av verneområdet.

Statsforvalteren har personal- og administrativt ansvar for nasjonalpark-/verneområdeforvalteren. Ved permisjon, langtidsfravær, eller der forvalter varsler om fratredelse fra sin stilling, skal Statsforvalteren i dialog med styret komme til enighet om hvordan forvalters arbeidsoppgaver skal løses inntil forvalter er tilbake, eller ny forvalter er ansatt.

Nasjonalpark-/verneområdestyret disponerer forvalterens arbeidstid»

2.3 Naturoppsynet

Statens naturoppsyn (SNO) er den utøvande og kontrollerande delen av forvaltninga av verneområda. SNO skal ikkje drive forvaltning, men skal følgje opp miljølovgevinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheiter. SNO sine oppgåver spenner frå kontroll, overvaking og informasjon, til skjøtsel og tilrettelegging i verneområda. SNO har også mange oppgåver knytt til artar som villrein, laks og fjellrev, og ikkje minst registrering, dokumentasjon og felling av store rovdyr.

SNO er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Per Olav Haugen og Thomas Rødstøl er tilsett i SNO med Reinheimen som hovudområde. Per Olav Haugen har kontor i Bismo i Skjåk, og Thomas Rødstøl har kontor på Åndalsnes i Rauma.

I tillegg kjøper SNO i Reinheimen tenester av fjellstyra og andre etter behov. Tenestekjøp omfattar både tilsyn og utføring av tiltak. For Reinheimen blir det kjøpt tenester av fjellstyra i Lesja, Finndalen og frå Skjåk Almenning (privat bygdeallmenning). SNO i

Årsrapport 2025

Reinheimen bruker ein stor del av si arbeidstid på bestandsovervaking, og spesielt jerv. I tillegg er villreinoppsyn under reinsjakta og villreinteljingar høgt prioritert arbeid i Reinheimen.

Nasjonalparkforvaltarane og SNO har årlege møte i samband med bestillingsdialogen/tiltaksmidlar, gjennomgang av Naturoppdrag og bestilling av tenester frå SNO. Det er viktig at forvaltarane har eit godt samarbeid med SNO, for å halde kvarandre godt oppdatert om forhold i verneområdet.

2.4 Andre sentrale myndigheiter

Det er også andre myndigheiter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda.

Kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Fjord har alle areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. Kommunane har myndigheit etter plan- og bygningslova og motorferdselslova. I enkelte saker må søkjarane avklare søknad om løyve til køyring både etter reglane i verneforskrifta og generelt lovverk (plan- og bygningslova eller motorferdselslova).

Reinheimen-Breheimen villreinutval har ein representant i styret. God dialog med villreininteressene er særleg viktig for å ivareta villrein sitt leveområde.

Statsforvalteren Forvaltarane er organisert i eiga forvaltarteam under Naturmangfald og verneområder (NV2) hjå Statsforvalteren i Innlandet. Det er 15 forvaltarar i Innlandet, i tillegg deltar 6 eksterne forvaltarar som er tilsett i Vestland og Trøndelag. Statsforvalteren har også klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

Fylkeskommunane i Innlandet og i Møre og Romsdal er representert politisk i nasjonalparkstyret og i administrativt kontaktutval. I tillegg har fylkeskommunen myndigheit etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel, restaurering og bygningsfagleg kompetanse. Fylkeskommunen har også ansvar for regional plan for villrein i Ottadalsområdet (Reinheimen-Breheimen villreinområde).

2.5 Bruken av verneområda

Reinheimen er villmark og brukspark, med interesser knytt til tradisjonell lokal og regional bruk som jakt, fiske, beitebruk, seterdrift og landbruksnæring. Dette fører til behandling av ein relativt stor mengde enkeltsaker, særleg søknader om motorisert ferdsel og byggesaker. Vern med lokal og tradisjonell bruk av naturen med jakt, fiske, beite- og landbruk, står i kontrast til vern med allemannsretten og den opplevingsbaserte bruken av våre områder. I mange saker har styret difor vore restriktive med tilrettelegging som aukar ferdselen i Reinheimen. For å ivareta verneverdiane er det viktig at vernemyndigheita har eit godt samarbeid med dei ulike brukeinteressene og private aktørar i området.

Reiselivet i verneområda knytt til Reinheimen er beskjeden, men ytst i nordvest står kjende attraksjonar som Trollveggen og Trollstigen i ei særstilling. Besøkstalet over Trollstigplatået langs nasjonal turistveg rv. 63, mellom Åndalsnes og Valldal, er på over 1 mill. i året.

Brukarundersøking

I samsvar med Miljødirektoratet si tilråding er det gjennomført brukarundersøkingar i Reinheimen i 2011 og i 2022 (Veileder M-930|2018). Undersøkinga er basert på kasseundersøking der det er samla inn **svarskjema** fordelt på **innfallsportar** kring verneområda. Norsk Institutt for naturforskning (NINA) hadde oppdrag om å gjennomføre etterundersøking og analyse, som for 2022 er presentert i NINA Rapport 2294:

Lenke til NINA rapport 2294:

[Brukerundersøkelse i Reinheimen nasjonal-park. Sommeren 2022](#)

Presentasjon av rapporten v/Yosra Zouhar:

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/Presentasjon-PDF-Yosra-Zouhar.pdf

Brukarundersøkinga i Reinheimen frå sommaren 2022 viser at det er mange utanlandske turistar som kjem til innfallsportane til nasjonalparken, og at mange besøkjer området for fyrste gong. Samanlikna med undersøkinga i 2011 er den største endringa i 2022 at det kjem fleire førstegongsbesøkande til områda, og at det er ei auke av besøkjande frå andre land. Det er verd å merke seg at besøket aukar utanfor eller i randsona til nasjonalparken. Kjerneområda lenger inn i Reinheimen nasjonalpark har framleis eit urørt preg med liten grad av tilrettelegging, og få besøkande. Kunnskap om dei besøkande kjem godt med, da nasjonalparkforvaltinga skal revidere forvaltningsplanen for verneområdet.

Ferdelsregistrering - 2025

Det ble gjennomført ferdselsteljingar i 2025 som går fram i tabellen under.

	2023		2024		2025	
Plassering	Dato	Sum telldata	Dato	Sum telldata	Dato	Sum telldata
Kløvstien nedre	22.05 - 01.11	3 266	20.05 – 17.10	4 787	01.01-06.11	5 475
Kløvstien øvre	05.06 - 01.11	4 005	-	-	01.01-06.11	12 169
Eiafossen	-	-	01.06 - 01.10	1 760	01.01-06.11	8 355
Langfjelldalen	-	-	06.06-27.09	1 125	-	-
Billingen natur- og kultursti	-	-	-	-	05.06 -23.10	9 716

Nasjonalparkstyret har i 2025 kjøpt inn 4 nye ferdselsteljarar, 2 Pyro Evo m/IR-sensor og 2 PYRO Nano. ([Personteller PYRO Evo - Amparo](#)). Behovet for å kjøpe inn eigne ferdselsteljarar i verneområdet kjem som eit resultat av at Miljødirektoratet ikkje tilbyr denne tenesta lenger. I føringsbrevet frå miljødirektoratet 27.10.25 står et at det ikkje lenger er mogleg å melde inn behov for direktoratet sine ferdselsteljarar. Det er område

med ei lang tidsserie med ferdselsteljing i Reinheimen. Utviklinga i ferdselen i enkelte område er viktig å følgje med på vidare, ikkje minst for å kunne prioritere ulike informasjons- og tilretteleggingstiltak på rett måte som tek vare på verneverdiane.

2.6 Sentrale dokument

Naturmangfaldlova vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av §48 i naturmangfaldlova.

Verneforskrifter for Reinheimen nasjonalpark, Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen, Tafjorden-Reindalen landskapsvernområder og Brettingsmoen naturreservat, vart sett i kraft 24.11.2006.

Frå 01.03.2020 fekk nasjonalparkstyret utvida forvaltningsmyndigheit med naturreservata, Muldalslia, Slettsvaet, Vermedalen og Einstullie.

Forvaltningsplan for Reinheimen vart vedteken i mars 2010, og nasjonalparkstyret gjorde vedtak om å sette i gang revisjonsarbeidet med oppstartsmelding til partar i verneområdet 12.04.2023, sak ST 9/2023. Det kom inn 8 innspel som blir teke med vidare i prosessen. Det er også presisert at det vil bli mogleg å gje innspel undervegs i prosessen.

Nasjonalparkstyret har i møte 27.10.23 i sak 44/2023, godkjent prosjektplan og lagt til grunn framdriftsplan for vidare arbeid, som ble justert hausten 2025 med mål om å kunne ha eit planutkast ferdig i utgangen av 2026.

Forvaltningsplanarbeidet vil elles skje innafor styre og sekretariatet sine økonomiske rammer.

I 2025 ble det gjennomført dialogmøte der ulike tema og problemstillingar knytt til

Besøksstrategi for verneområda i Reinheimen vart vedtatt på styremøte 02.12.2019, og endeleg godkjent av Miljødirektoratet 18.12.2019: [Besøksstrategi-for-Reinheimen.pdf](#)
Besøksstrategien er eit vedlegg til forvaltningsplan og besøksforvaltning blir eit eiga tema i revidert forvaltningsplan.

Med bakgrunn i betydeleg auka turisttrafikk til kommunane i Reinheimen vedtok nasjonalparkstyret i møte 01.12.25 (sak 46/2025) at det blir søkt om driftsmidlar for arbeid med revisjon av besøksstrategien for Reinheimen. Arbeidet skal koordinerast med revisjon av forvaltningsplanen.

3 Arbeid i nasjonalparkstyret

Nasjonalparkstyret består av representantar som er geografisk spreidde og med andre politiske verv i tillegg. Det er i utgangspunktet lagt opp til minimum 4 fysiske møte i løpet av året. Ved behov vert arbeidsutvalet (AU) nytta for å behandle dispensasjonssaker som ikkje er delegert til forvaltar, men som krev politisk behandling. Det er vidareført praksis med å gjennomføre fleire styremøte på Teams, og legge fysiske møte til barmarkssesong i kombinasjon med synfaringar, og møte med t.d. Rådgjevande utval. Tabellen under viser at det er gjennomført 5 møte på Teams og 2 fysiske møte i 2025.

3.1 Møter og saker

Møtenr.	Møtedato	Møtestad
1	20.01.25	Teams
2	30.01.25	Teams
3	17.03.25	Teams
4	16.-17.06.25	16.09: Fells synfaring med Lesja fjellstyre i Lordalen og besøk på Lesja bygdemuseum. 16.06: Styremøte på Dombås Hotell
5	04.08.25	Teams, AU-møte
6	25.-26.09.25	Norsk fjellsenter i Lom: Rådgjevande utval og fjellrevforedrag 25.09 Styremøte 26.09.
7	01.12.25	Teams

Nasjonalparkstyret for Reinheimen gjennomførte **6 styremøte** i 2025, og behandla totalt **46 saker**. Arbeidsutvalet i Reinheimen (AU) hadde **1 møte** i 2025, og behandla **1 sak**. 5 møte vart gjennomført som Teams-møte og 2 som fysiske møte med synfaringar. Forvaltarane har i medhald av delegert myndigheit gjort administrative vedtak i **51 saker**.

Under er ei samla oversikt over alle registrerte vedtak møteprotokollane behandla etter verneforskrifter og naturmangfaldlov § 48. I tabellen ender er sakene fordelt etter sakstype pr. år:

Type saker	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Administrative saker/generelle vedtak	18	29	24	22	23	24	24	30	22	33	25
Vedtak om motorferdsel, inkl. drone	72	72	43	38	32	48	84	47	46	52	44
Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, grusuttak, bru, inngjerding, stiar o.l.)	16	15	11	14	10	14	12	11	17	12	11
Vedtak om plassering båtar, lavvo, garnkasse	3	3	2	4	2	3	1	2	4	4	0
Vedtak om arrangement, ferdsl	1			3	2	3	0	2	3	7	3
Generelle uttaler	3					1	0	0	2	0	0

Årsrapport 2025

Vedtak om plan og planarbeid	2		1	2		1	5	3	3	1	0
Vedtak om økonomi	2	2	2	2	2	2	2	4	2	2	2
Klagebehandling	1		1	4	2	0	6	2	0	1	0
Andre tiltak, merkeordning	3	7	6	1	4	2	8	7	1	1	0
Skadefelling, lisensfelling											8
Sum	121	128	90	90	76	98	142	108	97	113	93

Saksmengda i tabellen over viser at det er relativt mange enkeltsaker som blir behandla i Reinheimen området i løpet av året. Alle enkeltvedtak som er behandla etter verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 blir registrert fortløpande i miljøvedtaksregisteret seinast 3 dagar etter at partane er underretta om vedtaket, jf. Forskrift om Miljøvedtaksregisteret: <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-06-14-643>

Lenke til saker i Reinheimen registrert i miljøvedtaksregisteret frå 01.01.2014:
[Miljøvedtaksregisteret](#)

Motorferdsel og byggesaker

Reinheimen skil seg ut med eit relativt høgt tal på inngrepssaker som bygg, anlegg, bru, gjerde, sti o.l. Søknader om motorisert ferdsel i verneområde er også relativt høgt, men transportmåla er stort sett faste og tal turar held seg stabilt.

Søknad om bruk av drone er ei ny sakstype. Drone kan vera eit godt hjelpemiddel til ulike formål, og Nasjonalparkstyret har 19.09.18 i sak 47/18 gjort ei vurdering av kva type formål det er aksept for å kunne gje dispensasjon til. Det er utarbeidd ei matrise som skal ligge til grunn i behandling av dronesøknader. Miljødirektoratet har i brev 06.03.19 gjeve nasjonalparkstyra råd om behandling av slike type saker. Miljødirektoratet viser i sitt brev til at det er tilstrekkeleg regulering for å vurdere søknader om dronar i dei fleste verneområde, men at det med fordel kunne vært brukt omgrep som "drone" i staden for "modellfly og liknande", jf. § 3, pkt. 7.2 Støy. Evt. forskriftsendring må vurderast i lys av det generelle arbeidet med standardisering og forenkling av forskriftsmalane. Miljødirektoratet skriv at det foreløpig ikkje er aktuelt å revidere forskriftene på dette punktet utan at det skjer i samband med andre nødvendige endringar av verneforskriftene.

Lisensfelling og Skadefelling

Tema knytt til felling av freda rovvilt i verneområdet har ikkje vore behandla før 2025. Med bakgrunn i ein søknad frå Vågå kommune i mars 2025 tok forvaltar kontakt med miljødirektoratet for å få ei juridisk vurdering av om det etter våre verneforskrifter kan krevjast søknad i saker som omfattar skadefelling og bruk av laus hund og lisensfelling på freda rovvilt innafor verneområdet.

I både i verneforskrifta for Reinheimen NP og i landskapsvernområda står det at «*reglane i § 3, punkt 3.1. ikkje er til hinder for:*

b. Jakt og fangst etter viltlova.»

Årsrapport 2025

I Miljødirektoratet sine attendemeldingar går det fram at skadefelling og lisensfelling innafor Reinheimen krev dispensasjon frå verneforskriftene for at felling skal vera lovlege. Dette er ingen realitetsending, sjølv om det har vore praktisert av mange forvaltningsmyndigheitar. I nyare verneforskrifter, truleg etter ny naturmangfaldlov i 2009, er det teke inn eigne regler om unntak for skadefelling, som t.d. i Breheimen, der det står følgande at , «Regelen i pkt. 3.1 er ikkje til hinder for: a. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk. b.skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.» I viltforvaltninga er det presisert at "jakt" og "skadefelling" er to ulike ting, sjølv om det truleg ikkje var meininga da forskriftene ble vedteke. Det er uansett ordlyden i verneforskriftene ein må halde seg til.

Skadefelling og lisensfelling av rovvilt eit døme på tiltak som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet i 2006 da verneforskriftene for Reinheimen ble utforma.

Skadefellingsforsøk er eit akutt skadeførebyggjande tiltak med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd b) og rovviltforskrifta § 9, som Statsforvalteren vurderer og gir løyve til. Lisensfelling av jerv er basert på kvotevedtak i rovviltnemndene, jf. Naturmangfaldlova §§8 og 10. Alle lisensgjevarar må også registrere seg i jegerregisteret for å kunne delta på lisensfelling.

Arbeidsomfanget dette kan generere i verneområda er bekymringsfullt, sidan det kan dreie seg om mange hundre lisensjegerar i enkelte områder, og dei opererer heller ikkje som eit lag. Informasjon om at det må gjevast eigen dispensasjon dersom jagarar skal på lisensfelling i verneområda er omfattande, og her vil det krevje ei samordning mellom grunneigar, jaktlag/beitelag, kommunar, Statsforvaltar. Statsforvalteren har vakttelefon på rovvilt som kommunar, beitenæring og jaktlag kan kontakte. Ein slik ordning har ikkje nasjonalparkforvaltninga sjølv om vi strekker oss langt. Ved akutt skadesituasjon er det avgjerande at vurderingar og avgjersler kjem raskt slik at skadeomfanget kan avgrensast. I 2025 vart det utforma malar for delegerte vedtak for å handtere saker som oppstår og for å effektivisere saksbehandlinga.

Inntil ei eventuell forskriftsending, delegerte Nasjonalparkstyret (26.09.25 i sak 40/25) mynde til forvaltarar for å treffe vedtak i saker som gjeld skadefelling og lisensfelling av store rovdyr innafor Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde.



3.2 Økonomi

Kvart år vert det søkt om tiltaksmidlar til gjennomføring av tiltak i Reinheimen.

Nasjonalparkstyret meldte inn behov for **kr. 3 375 000,-**, men fekk tildelt **kr. 1 000 000,-** til tiltak i verneområdet for 2025. I tillegg ble det tildelt **kr. 140 000,-** i supplerande tildeling til gjennomføring av tiltak i Kløvstien og ny sti ved Eiafossen. Totalt disponibelt beløp for 2025 var **kr 1 140 000,-** Tabellen under gir ein oversikt over forbruk i 2025.

Tiltaksmidlar for 2023 (Kap 1420 Post 31)	Tildeling, kr	Merknad	Rekneskap, kr	Samarbeidsaktør
SKJØTSESLTILTAK	200 000			
Romsdalen Ivo, Selen, Gravdehaug, Horgheimseter, Vermedalen Finndalen Ivo, Sterringen		Slått Gravdehaug, Selen, Horgheimseter, Vermedalen Nofence storfe Vermedalen Nofence geit Gammel Strerringen	176 250	Private aktører Naturvernforbundet
TILRETTELEGGING OG INFORMASJON	940 000			
Billingen - hovudinnfallsport	500 000	Sluttføring parkering Forprosjekt – fotopunkt natur- og kultursti	466 040	Geisar og Bakken, Nordplan AS
Bjørli – området	0	Turbrosjyre	40 858	Lesja kommune, Trollbinde
Trollveggen / Eiafossen	90 000	Vippeskilt natursti, cortenstålskilt, tekster, grafisk arbeid,	83 759	ANNUNATAK AS
Kløvstien – innfallsport	150 000	Nofence storfe Sikringstiltak på bru Stiarbeid	164 914	ANNUNATAK AS Ny Sti AS Dale gard Per Jonas Bakke Tørris Haugan
Trollstigplatået - hovudinnfallsport	110 000	Sårbarhetskartlegging	65 000	Dokkadeltaet AS
Zakariasdammen	20 000	Vidareutvikle Innfallsporten i samarbeid med lokale aktører	0	Fjord kommune, DNT Sunnmøre
Tunga / Sjugurdgarden	30 000	Fornye skilt og innhald på info.tavlar i Brøstdalen	0	Grunneigar
Fauttjønn / Lesja Bygdemuseum	20 000	Språkvask mm på nytt infopkt. Lesja bygdemuseum. Tilrettelegging for nytt innhald på infopkt.	4 904	Trollbinde AS Lesja Bygdemuseum

		<i>Fauttjønn</i>		
<i>Finndalen</i>	20 000	<i>Mulighetsstudie Finndalen (oppstart 2025 - 2026)</i>	<i>80 000</i>	<i>Norsk fjellsenter, jf. intensjonsavtale lokale aktører</i>
<i>Nettside: reinheimen.no</i>	0	<i>ENG oversetting, opplæring forvaltarar</i>	<i>15 768</i>	<i>Trollbinde AS</i>
SUM Post 31	1 140 000		1 097 493	
<i>rest</i>			<i>42 507</i>	<i>19 285 overført Fulufjellet</i>
<i>Midlar attende 2025</i>			<i>23 222</i>	

Nasjonalparkstyret får tildelt budsjettmidlar til drift, og planarbeid etter årleg søknad. Driftsmidlane vert tildelt Statsforvalteren i Innlandet, som fører rekneskapen på vegne av nasjonalparkstyret. Drift av sekretariatet, inkl. leige av kontor kjem i tillegg, og inngår i budsjettet til Statsforvalteren i Innlandet.

Drift (Kap 1420 Post 21)		Budsjett	Rekneskap
<i>Sekretariat, Statsforvalteren i Innlandet</i>	kontorhald, reiser, m.m. utanom løn	<i>Ikkje eiga budsjett</i>	<i>Inngår i Sfs sitt budsjettregnskap</i>
Nasjonalparkstyret -drift	Reise- og møtegodtgjersle Reiseutgifter rådgjevande utval, Administrativt kontaktutval	440 000	292 468
Grunnstøtte drift	Domeneleige, div. utstyr, besøktellere, drift vedlikehold Kløvstien	100 000	138 400
SUM		540 000	430 869
		<i>Midlar attende</i>	<i>109 131</i>

3.3 Ulovlege tiltak, regelbrot

Det følger av Nasjonalparkstyret for Reinheimen sine vedtekter, at styret har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp brot på vernereglane.

I 2025 har Nasjonalparkstyret meldt 2 lovbrotsaker til politiet. Det er i tillegg følgt opp 1 sak om oppfølging av ulovlege forhold i verneområdet etter ein rapport frå SNO.

Oversikt over avvik og anmeldelser rapportert av SNO i tabellen under.

Årstall	Anmeldt	Avvik - Rapport til forv. Mynd	Mindre avvik rapportert til forv.mynd	Ingen avvik
2013	3	14	3	10
2017		2		
2019			5	7
2020		1	2	2
2021	1		2	

2022	1	1		3
2023	1	5		6
2024	1	1	0	2
2025	0	1	?	?
SUM	7	25	12	22

3.4 Andre utval

Rådgevande utval for Reinheimen

Rådgevande utval for Reinheimen består av representantar for dei ulike interessene i verneområda, som går fram av tabellen under:

Rådgevande utval for Reinheimen	
Lesja fjellstyre	Romsdal Reiseliv
Skjåk allmenning	Visit Nordvest
Finndalen fjellstyre	Visit Jotunheimen AS
Grytten fjellstyre	Nasjonalparkriket Reiselivslag AS
Norddal fjellstyre	DNT Sunnmøre
FNF Møre og Romsdal	Guide Romsdal / Ræin
FNF Møre og Romsdal	Rauma historielag
FNF Innlandet	Norrdal sogelag
FNF Innlandet	Rauma elveeigarlag
Grunneigarrepresentant Lesja	Tafjord Kraft / Rauma Energi
Grunneigarrepresentant Lom/Vågå	Bane Nor
Grunneigarrepresentant Fjord	Nye veier
Grunneigarrepresentant Rauma	Statens Vegvesen
Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag	Statskog SF
Møre og Romsdal Bondelag	Mjøsen Skog
Oppland bonde- og småbrukarlag	Allskog
Innlandet Bondelag	

Det vart gjennomført møte med rådgevande utval 25.09.25 på Norsk fjellsenter i Lom.



Foto: Terese Jemtegard Moen ønskjer velkommen

Program for møtet med rådgevande utval 2025:

- Status og utfordringar i Reinheimen, v/ styreleiar, forvaltarar og SNO
- Formidlingsprosjekt, bruk av VR v/Norsk fjellsenter
- Revisjon av forvaltningsplan – gruppearbeid, og innspel frå rådgjevande utval
- Kveldsforedrag v/ Nina Eide (NINA): «25 år med bevaring av fjellrev – vegen vidare og framtidsperspektiv»

Referat frå møte i rådgjevande utval og presentasjonar er lagt ut på nettsida til Nasjonalparkstyret, www.nasjonalparkstyret.no/Reinheimen : [Nasjonalparkstyre | Rådgjevande utval 25.september 2025](http://www.nasjonalparkstyret.no/Reinheimen)

Administrativt kontaktutval for Reinheimen

Oppretta i 2013 og består av 9 personar, ein administrativt tilsett frå kvar kommune og fylkeskommune, og ein frå besøkssenter nasjonalpark. Utvalet skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkstyret, kommunane og fylkeskommunane. Forvaltarane har jamleg kontakt med kommuneadministrasjon i samband med førebuing av enkeltsaker. Det ble ikkje halde eiga møte med kontaktutvalet i 2025, men kontaktutvalet var invitert til rådgjevande utval.

Forvaltarteam Innlandet

Forvaltarane i Innlandet har møte på Teams kvar onsdag, der og forvaltarar i Vestland og Trøndelag som deler verneområde med oss i Innlandet, også er invitert til å delta. Møta er ein uformell «kaffeprat» for dei som sit langt frå kollegaer, og starta opp under pandemien med krav om heimekontor. Etterkvart er dette ein viktig møteplass med låg terskel for å ta opp felles saker og aktuelle problemstillingar. Leiar for naturmangfald og verneområde hjå Statsforvalteren i Innlandet, deltek også i møta.

Forvaltarane har og minst ei fysisk forvaltarsamling, som i 2025 var lagt til Utladalen landskapsvernområde, knytt til Jotunheimen 1.-2.sept. 2025.

4 Informasjonsarbeid

Informasjonspunkt

Det er 18 informasjonspunkt med informasjonsplakatar kring Reinheimen. I tillegg er det 32 mindre informasjonstavler, 7 skilt om ferdselsreglar, 6 bronseplakettar og 100 verneområdeskilt.

Det blir jobba fortløpande med fornying av eksisterande informasjonspunkt etter behov og nødvendige avklaringar med relevante aktørar.

Nettside og brosjyre

Nasjonalparkstyret si nettside: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/>

Besøksside om Reinheimen: <https://reinheimen.no>


Kartbrosjyre Reinheimen: [M- 2563 Reinheimen-web.pdf \(nasjonalparkstyre.no\)](https://www.nasjonalparkstyre.no/M-2563-Reinheimen-web.pdf)

5 Tiltak og prosjekt

5.1 Billingen

Forprosjekt – fotopunkt langs natur- og kulturstien,

Nordplan AS har på oppdrag frå Nasjonalparkstyret og i samarbeid med arbeidsgruppa på Billingen gjennomført eit forprosjekt i 2025. I forprosjektrapporten frå Nordplan er det skissert to alternative løysningar. Forprosjektet dannar eit godt grunnlag for å jobbe vidare med å detaljprosjektere og nødvendige grunnundersøkingar og andre avklaringar mm før evt. bygging.



Planområdet



Fotopunkt

Billingen fotopunkt




Fotopunktet ligger langs en populær turrunde i variert terreng, der hvor elvene Tora og Føysa møtes.



Området er preget av sårbare løsmasser, hvor ferdsel setter tydelige spor i omgivelsene.



Fra punktet har man utsikt til det dramatiske elvemøtet, fjellet, skogen og videre nedover dalen.



Det er utviklet to ulike alternativer for fotopunktet, med forskjellig grad av synlighet, kompleksitet og uttrykk. "Frampå" og "Bakpå" tolker konseptet på hver sin måte, men begge alternativene bygger på samme grunnidé, og tilbyr ulike opplevelser og tilpasninger til landskapet.



Formspråk

Formspråket i fotopunktene er inspirert av elvemøtetets form, hvor Tora og Føysa smelter sammen til én. Elvenes naturlige kurver og rytme har vært en ledetråd i utformingen, og gir konstruksjonen et bevegelig og landskapstilpasset uttrykk.

Dette gjenspeiles dette gjennom spennende linjer, retninger og soner som følger terrengets bevegelser – som en visuell dialog mellom arkitektur og natur. På denne måten knyttes fotopunktet til landskapets egen historie og dynamikk, og gir en opplevelse som føles både stedsspesifikk og poetisk.



Tre soner – én helhetlig opplevelse

Fotopunktet er strukturert i tre tydelige soner som sammen skaper en helhetlig og meningsfull opplevelse for turgæren. Sammen gir de tre sonene rom for både sansing, læring og personlig fordypning.

Den første sonen er opplevelsessonen, der utsikten og nærheten til landskapet står i sentrum. Her får besøkende mulighet til å ta inn naturen, kjenne på høyden, og fange øyeblikket – enten med blikket eller kameraet.

Den andre sonen er informasjonssonen, hvor formidling står i fokus. Her presenteres stedets historie, geologi, kultur eller naturverdier gjennom tekst og visuelle elementer, tilpasset både voksne og barn.

Den tredje sonen er refleksjonssonen, et roligere område som inviterer til ettertanke og hvile. Her kan man sette seg ned, ta en pause og la inntrykkene synke inn – alene eller sammen med andre.

nordplan

Forslag til alternative fotopunkt – *Frampå* eller *Bakpå*

Stiltak –SNO og Skjåk Almenning har på oppdrag reparert rekkverk på utleggsbrua, og vidareført tiltak for å forbetre på natur- og kulturstien på vestsida av Tora elv.



Foto: stiarbeid Billingen natur- og kultursti

Utviding parkeringsareal

Parkeringsareal på innfallsporten ble i samarbeid med grunneigar avklart i løpet av hausten 2024 og arbeidet starta opp av lokal entreprenør seinhausten 2024. Tiltaket ble fullført våren 2025.



Foto: oppgradert parkeringsplass

5.2 Trollveggen, Eiafossen

Året 2025 vart naturstien ved Eiafossen ferdig. På vårparten vart det produsert og satt opp 12 vippekilt, 5 opplysningsskilt, ferdselstellere og plakater. Dette vart satt opp av SNO.




Foto: oppsetting av vippekilt

Det ble arrangert ein høgtideleg opning av naturstien ved Eiafossen under Norsk fjellfestival med snorklippping av ordførar. Besøkssenteret for Reinheimen ved Norsk Tindesenter sørga for naturstiguiging og grunneigar fortalde historie frå området.



Foto: Opning av naturstien ved Eiafossen




Foto: bra oppmøte på opningsdagen av naturstien tross litt regn.



Foto: Guiding ved grunneigar og guide frå Norsk Tindesenter om naturen og historier frå området.

Medieoppslag:

TV innslag om den nye naturstien ved Trollveggen vist både på NRK M&R og på Norge i dag.



Ny tursti med mektig utsikt – turistar har aldri sett liknande

Den nye naturstien skal leia turistar vekk frå truga natur.
Barbara og Mark frå England er imponert over utsikta.



[Fride Kvamsøe Rekdal](#)
Journalist

[Roar Strøm](#)
Journalist og fotograf

Vi rapporterer frå Eiafossen i Rauma

Publisert 22. sep. 2025 kl. 05:39

Fjerning av uønska art ved Eiafossen i Romsdalen LVO

Forvaltar har inngått ei avtale med Rauma VGS om eit årleg felles undervisnings og dugnadsprosjekt for å fjerne uønska platanlønn innafor naturstien ved Eiafossen. Det vart ila ein skoledag i juni plukka over 1500 spirer.



Andalsnes Avis.no og foto av platanlønnspirer.

5.3 Kløvstien

Innleigd stiryddar har lagt ut grus ved Trollstigfoten for å gjere stigen meir robust mot auka besøkspress. I tillegg brukte SNO to arbeidsdagar på å leggje ut kloppar over dei våte partia.



Foto: Stiryddarar i Kløvstien



Tidleg på sommaren 2025, då elva Istra var stor, la forvaltaren merke til at fleire turistar kryssa den smale brua samstundes (foto t.v.). Brua hadde berre eitt rekkverk, og situasjonen vart vurdert som utrygg. Forvaltaren tok kontakt med kommunen, som eig brua, og dei vart einige om at brua måtte forsterkast med rekkverk på begge sider.

Nasjonalparkstyret fekk tildelt supplerande tiltaksmidlar for å oppgradere brua med nye vaierar og nye plankar, vist på foto over t.h.

5.4 Slettvikane

Toalett på rasteplassen vart kjøpt inn og oppført i 2023 som eit spleiselag. Møre og Romsdal fylkeskommune har som vegeigar teke på seg driftsansvaret og utarbeidd detaljplan for rasteplassen i tråd med styrevedtak.

I 2024 vart rasteplassen opprusta med oppgrusing, nye benker og bord. Informasjonspunktet ble fundamentert for oppføring av nye cortenstålskilt. Rasteplassen aust for Fv 63 ble steng og restaurert/revegetert, og sto ferdig våren 2025.



Rasteplassen ved Slettvikane langs fv.63 vart fullført i 2025.



Grunneigarane var ikkje heil fornøgde med ståande stabbesteiner, så delar av parkeringsplassen vart gjennomført som ønska av grunneigarane og minnesmerke vart flytta til egna plass ved informasjonspunktet.

Foto: Synfaring med grunneigarar og Fylkeskommunen i Møre og Romsdal før slutføring av arbeidet.

5.5 Finndalen – flaum- og erosjonssikringstiltak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen gav dispensasjon til sikringstiltak på 5 ulike plassar i og ved vassdraga Råkån, Finna og Lauvbekken i Finndalen landskapsvernområde (møte 23.09.24, sak ST 41/2024). Tiltaka er og i trå med fagrapporten frå NGI (2022):

VURDERING AV FLOMFARE OG EROSJON SAMT FORSLAG TIL SIKRINGSTILTAK I FINNDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE. Dei omfattande sikringstiltaka ble gjennomført seinhausten 2024 i regi av Finndalsvegen SA som leigde inn ein entreprenør.

Våren 2025 ble det gjennomført ei synfaring for ei sluttgodkjenning av dei gjennomførte sikringstiltaka. Synfaringa var representert med deltakarar frå kommunen, fjellstyret, seterbrukarar på Vangen og Sterringen, Finndalsvegen SA, entreprenør, nasjonalparkforvaltar og Fylkeskommunen i Innlandet.




Foto: «Råkåkroken» der steinmasse i elveløpet er flytta for å hindre vassføring i sideløp mot Meramstadsetra



Foto: minimale spor etter gravemaskin i terrenget opp til Råkåkroken



Foto: flytting av grusmassar i elva nedanfor Meateterøye



Foto: grusmassar lagt opp i elvekanten mot vegen, og bygging av buner oppstrøms Sterringen bru.



Foto: buner i elvekant mot dyrkingsfelt nedstrøms Sterringen bru.

Gjennomførte sikringstiltak er godkjende frå alle instansar som deltok på synfaringa. For vidare oppfølging er det behov for å finne eit område for å knuse og mellombels lagre overskotsmassane frå Lauvbekken. Lom kommune vil i samråd med veglaget ta initiativ til å avklare løysningar for å handtere grusmassane ved Lauva. Plass for å knuse grus og mellomlagring må og avklarast i høve verneforskrift. Alle sikringstiltaka er kortsiktige og det vil vera behov for jamleg tilsyn og vedlikehald. NGI-rapporten og vedtak etter verneforskrift har oppmoda om at det blir utarbeidd ein vedlikehaldsplan for tiltaka. Repr. frå Innlandet fylkeskommune ønskjer å være involvert i arbeidet med ein vedlikehaldsplan for at evt. nye tiltak blir sikra i høve til fisk- og vassdragsmiljø, jf. lakse- og innlandsfiskelova.

5.6 Skjøtsel

Nasjonalparkstyret har 6 skjøtelsesplanar og fleirårlege skjøtelsavtaler med fjellstyre, rettighetshavarar i statsallmenning og private grunneigarar om skjøtsel i Finndalen Ivo, Lordalen Ivo, og i Romsdalen Ivo. I 2025 ble det gjennomført skjøtselstiltak i Finndalen Ivo og i Romsdalen Ivo.



Boergeit på Gamle Sterringen i Finndalen Ivo

Hengegras lokalitet ved Finna elv på Breidstulen i Finndalen Ivo.






Slått ved Horgheimssetra i Romsdalen LVO

Ved Vermedalen har Nasjonalparkstyret inngått avtale med naturvernforbundet om slått og med ein lokal gardbrukar som har herefordkyr på beite med nofenceklaver. Naturvernforbundet kunne rapportere at slåtten hadde gått fint, men gardbruker har i år hatt problem med nofenceklavene. Dette er rapportert inn til nofence.



Slått og rydding utført av naturvernforbundet i Møre og Romsdal 2025. Foto: Øystein Folden.




Før og etter slått på Søre Selen i 2025. (Foto: Kim Daniel Hersel Sogge).

Årsrapport 2024

Norges nasjonalparker

- Reinheimen er eit av dei største urørte høgfjellsområda i Sør-Noreg, der villmark med spor etter gamal fangstkultur pregar fjellområdet.
- Oppretta 2006, 3.største NP i landet med 1969 km²
- Villreinen sitt leveområde er hovudformål med vernet
- Dei høgste fjella er over 2 000 moh., medan det lågaste punktet ligg i Romsdalen ca. 130 moh.
- Nasjonalparken har mykje av det opphavlege fjelløkosystemet med villrein, jerv, kongeørn, jaktfalk og ryer.
- Reinheimen er særleg rik på kulturminne etter den gamle villreinfangsten, med fangstgroper, massefangstanlegg, bogestelle og restar av gamle buplassar til fangstfolka.
- Landskapsvernområda Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Tafjorden-Reindalen er verdifulle kulturlandskap, med rikt artsmangfald knytt til seterdrift, slått og beitebruk.



Kontaktinformasjon Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Telefon:	+4761266204
E-post:	sfinpost@statsforvalteren.no
Nett:	www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/
Post:	Postboks 987, 2604 Lillehammer
Besøksadresse:	Norsk fjellsenter / Norsk tindesenter